



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd onsdag 20.03.2019 kl 19.15 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Runar Matsui-Li, Stine Røyseth, Lisbeth Haugsbø, Anne Lise Ljotebø, Jarle Berge, Sturla Bell Fossen, Erlend Haugsbø (ref.)

Desse hadde meldt forfall:

Borgny Birkeland, Leif Arne Furelid

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

VEDTAKSSAKER:

Sak 013/19: Overføring av midlar frå Vadheim søndagsskule

Vadheim søndagsskule har ikkje vore i drift sidan 2004. Når søndagsskulen vart etablert vart det også oppretta ein tilhøyrande konto (saldo om lag NOK 10.000,-) som på grunn av nye bankreglar må gjerast opp innan 1. april 2019. Midlane vert å overføre til Kyrkjebø sokneråd sin konto, men skal ikkje disponerast før ein har avklara endeleg eigarskap til kontoen. Irene Aase Aarseth har disposisjonsrett til kontoen i dag.

Samrøystes

Sak 014/19: Nominasjon soknerådsvalet 2019

Følgjande vart skrive om dette i førre møte:

Nominasjonskomiteen til soknerådsvalet 2019 vert heile soknerådet. Det er i år ikkje høve til å skrive ut liste over medlem i soknet, men vi ønsker likevel å få tilsendt liste over manntalet i soknet til neste møte. Erlend spør kommunen etter liste, Audun forhøyrer seg med kyrkjekontoret.

Listene til valet skal vere klare innan utgangen av april 2019.

Av dei som møtte på møtet i dag var det berre Irene som sa ja til å ta attval. Dette betyr truleg at det trengs 10 nye personar på lista.

Følgjande personar ser vi føre oss å spørje til neste møte:

- Inger Anne Grimeland
- Hilde Vadheim
- Helga Hjetland
- Kari Dale

- *Åse Marit Skivenesvåg*
- *Bjørnar Johannesen*
- *Unni Andersland Thue*
- *Unni Kyrkjebø Johansen*
- *Arvid Beinnes*
- *Heidi Beinnes*
- *Jorun Systad*
- *Unn Sissel Nordheim*

Av personane som vart identifisert som aktuelle kandidatar i førre møte har Kari Dale sagt seg villig til å stå på lista. I tillegg har Liv Grethe Torsnes Sørebo takka ja til å stille til val, og Sturla Bell Fossen tek attval. Det betyr at per i dag inneheld lista følgjande personar:

- Irene Aase Aarseth
- Sturla Bell Fossen
- Kari Dale
- Liv Grethe Torsnes Sørebo

Ein manglar med andre ord 7 personar før ein har ei liste som gjev 6 faste medlem og 5 vararepresentantar.

Høyanger kommune har ikkje høve til å levere ut lister over manntalet i soknet. Kyrkjekontoret har heller ikkje høve til å distribuere lister over medlem i soknet, men kan kontaktast for utsjekk av enkeltpersonar.

På grunn av problematikk med lister vart det gjennomført ei «virtuell reise» gjennom soknet der ein identifiserte moglege kandidatar som skal spørjast ut til neste møte. Lista ligg vedlagt som eig eige dokument.

Alle identifiserte kandidatar skal spørjast innan neste møte som er tysdag 23/4-19 kl. 19.15.

Møtet slutt 21:00

Erlend Haugsbø
- ref-